

Oslo 27/1

Rogaland DS

Vi minner om avtalen om møte med Kvinneutvalet helga etter årsmøtet. Vi avtalte å bruke laurdagen, og at de skal innkalle DS sin kvinneleiar, ein-to folk frå BS/AU + dei leiande i kvinnefrontfraksjonen i M^h Stavanger og Sandnes.

Dama frå Oslo kjem truleg fredag kveid. De skal få nærare meldning.

OU/AU

Oslo 27/1

Nordland DS

Kamerater,

I november vart det sendt eit direktiv om å rapportere MM lags- og DS-vedtak om listestilling ved valet - fristen var 1/1. Vi har fått ein stutt rapport frå utvalet for Nord-N., men har ikkje høyrd eit ord frå sørfylket. Vi er klar over at det har skjedd mykje anna i denne tida, men vi er likevel misnøgde med det vi har fått av opplysninger og vil kreve ny rapport.

Fristen for den nye rapporten er 10.februar. Vi vil ha ahn i Oslo til den dagen. Rapporten skal innehalde:

- (1) lagsvedtak om liste eller ikkje frå laga i Mo, Mosjøen og Nesna
- (2) DS-vedtak om listestilling i fylkestingsvalet
- (3) DS sitt syn på listestilling i kommunevalet (gjeld heile fylket)

SKAU vil drøfte denne rapporten og eventuelt fatte vedtak om listestillinga.

Kommentar til Nesna: Det har vore argumentert for at Nesna bør stilla kommunavalsliste. Argumenta har vore at dei treng få folk (9), slik at det skulle vera muleg å lage ei liste (evt. ved at nokre lærarstudentar tek utflytting). Vidare at dei kan ha ei viss sjanse til å koma inn. Og til slutt at det ville vera eit nyttig eksperiment for rørsle å drive valkamp/kommunearbeid i ei bygd. (Vi har ikkje mange andre alternativ til slike eksperiment.) Rapporten frå nesna-laget bør ta opp desse argumenta, og vi vil gjerne ha DS si meining.

Kameratsleg helsing

OU

Oslo 27/1

Akershus DS

Kamerater,

Som de ser av ordinær rutine har AU vedtatt at vi skal stille i Bærum. For dei andre omlandskommunane til Oslo er det sett ein ny frist for avklaring, nemlig 10.februar.

Denne avklaringa skal også omfatte andre kommunar enn dei som de har bærnt, t.d. Nesodden. Grunnen til dette er at mange medlemmer av partiet i Oslo har stemmerett i omlandkommunane i Akershus. Vi krev at dette potensialet blir teke med i vurderinga. Vi vil foreslå eitt fellesmøte mellom DSA i Oslo og Akershus og OU. DS i Akershus må ta initiativ til eit slikt møte.

Kameratsleg helsing

OU

Oslo 27/1

Trøndelag DS

Kamerater,

Vi har fått rapport om at DS vurderer å stille fylkestingsliste i Nord-Trøndelag.

SKAU har diskutert saka og AU sitt syn er at vi ikkje bør stille til fylkestingsvalet i fylke der vi ikkje stiller i nokon kommune.

Grunngjevinga går slik: Direkte val til fylkestinget er ein skinn-demokratisk reform som reellt vil auke fylkesbyråkratiet og statsapparatet si makt. Vi meiner vidare at fylkestingsvalet vil få liten plass i valkampen, og det vil vera politisk feil om kommunistane da skulle kjøre dette valet fram og gje det mykje oppmerksomhet. For folk flest vil kommunevalet stå i sentrum, og det må det gjera i vår valkamp og.

Sjølvsagt kan ikkje vi hindre at fylkestinga blir valt, og vi skal da og stille i nokre fylkesting.

Det er tillatt ~~Må~~ å vera usamd i dette synet - i alle høve vil vi gjerne ha DS sin reaksjon.

Kameratsleg helsing

OU

Oslo 27/1 1975

Til partiavdelingene i Finnmark

Om fylkestingsvalet

Fleire av laga i Finnmark har antydta at vi kanskje bør stille liste til fylkestingsvalet og har oppmoda oss til å ta initiativ til ein fylkeskonferanse for å klare av spørsmålet.

SKAU har diskutert spørsmålet, og AU sitt syn er at vi ikkje bør stille fylkestingsliste i fylke der vi ikkje stiller i nokon kommune.

Grunngjevinga for dette er at fylkestingsvalet er ei skinndemokratisk åtgjerd som reellt vil styrke fylkes- og statsbyråkratiet si makt over komunane. Vidare meiner AU at dette valet vil få liten plass i vanleg folk si tenking under valkampen, og at det difor ikkje vil vera rett av kommunistane å kjøre dette valet fram og gje det mykje oppmerksomhet. For folk flest vil kommunevalet stå i sentrum, og det vil det måtte gjera i vår valkamp og. Sjølv sagt kan ikkje vi hindre "fylkestinget i å møte", og vi bør difor stille til nokre fylkesting.

Vidare vil vi stille spørsmål ved om det er sikkerhetsmessig forsvarleg å stille i Finnmark sjølv om vi hadde stilt i ei av kommunane.

Det er tillatt å vera usamd i denne vurderinga, og vi er takksame for brev.

Vi kjem ut frå dette ikkje til å innkalle ein eigen fylkeskonferanse for Finnmark om valet. Valkampen vil bli teken opp på formannskonferansen^ om 1.mai rett over påske.

Kameratsleg helsing

OU